

Ny trafo er på plass i Sekundærstasjonen.

09.08.2018



Den nye traoen er på plass og skal jekkast inn der den skal stå.

Den nye trafoen vart løfta og jekka på plass i Sekundæren i går, onsdag 8. august. Arbeidet med oppgradering av stasjonen og linenettet har stort sett gått etter oppsett plan. Den nye trafoen er på 46 tonn og har ei yteevne på 30 MVA (mega volt ampere). Trafoen frå 1971 vog mest like mykje, men hadde ei yteevne på 20 MVA. Arbeidet vert gjort for å auka kapasiteten og sikra ei stabil drift.

Det er det siste året gjort eit stort og omfattande arbeid med Sekundærstasjonen i Uskedalen. Stasjonen er utvida og fornya med mellom anna ny fasade og flotte tørrmurar rundt. Det er lagt ned ei investering for mange hundre millionar kroner der også fornying av linenettet ned heile Uskedalen er med i prosjektet.



Eit løft med slike dimensjonar er eit stort og nøyaktig arbeid, særleg når plassen er tett i Fylkesvegen med regulert trafikk. 22. april i vår vart den gamle trafoen frå 1971 teken ut av stasjonen og flytta til Fitjar. På Fitjar skal trafoen installerast på Årskog som reservetrafo. Trafoen frå 1971 var den andre i rekkja i Uskedalen. Den fyrste trafoen kom ved oppstarten i 1952 då 66 KV linja frå Opstveit (Blåfalli 2) var klar og teken i bruk.

Royal transport frå Bergen stod for all transport, løfting og trafikkregulering. Som sist var transportøren på plass med kranbil, to semitrailarar og naudsynt utstyr. Kranbilen har ei maks løfteevne på 220 tonn. Transportselskapet har oppdrag over heile landet. Dei kom til Uskedalen frå Fosen i Trøndelag.

Plasseringa tett i vegen og sjølve bygget gjorde at ein ikkje fekk trafoen på plass i ein operasjon. Det vart rekvidert meir utstyr frå Bergen slik at ein fekk snudd hjula før trafoen vart sett i eit spor og kunne jekkast på plass. Alt skulle vera gjort innan utgangen av gårsdagen.

Det er Haugland Kraft som eig og driv linenettet (høgspennlina) og Sekundærstasjonen i Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: David Torvestad/Kristian Bringedal



Her vert det gjort eit løft på 46 tonn av kranbil frå Royal Transport i Bergen.